



Systrene Birte og Frida Nybakk har ikkje berre song som fritidssysssel, dei spelar også! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Av dei 80 unge kulturutøvarane som laurdag ettermiddag er med i UKM på Husnes er det berre 3 frå Uskedalen. Til gjengjeld bur både Ronya Lakselv (12), Birte Nybakk (16) og Frida Nybakk (13) på Brekketoppen.

Dei er trass i ung alder allereie allsidige, har kome langt i song og musikk og inngår i ein etter kvart veksande og lovande flokk av unge utøvarar i bygda



Då Ronya spela med Sunnhordland Kammerorkester fekk ho ei rose. Bak står dirigent Lars Erik ter Jung. (Foto: Kristian Olav Bringedal)

På scena i Husnes skal Birte delta i Ungdommens kulturmønstring for tredje gong. Ho har trass i at ho er berre 16 fått ein sikker posisjon som songar i Kvinnherad og har imponert mange gongar, sist i kyrkja under julekonserten og i Røysterett for alle ved fleire høve. På Husnes skal ho syngja ein ballade av Taylor Swift som heiter Dear John og ho vert akkompagnert på gitar av Eirik Brakestad. Birte held han for å vera kanskje den flinkaste gitaristen på Husnes. Det var også han som inspirerte henne til å starte med gitarspel.

Birtes lillesyster Frida er debutant i UKM og ho skal syngja saman med Ronya. Det har dei før berre gjort som ein fritidssyssele, men Frida nekter for at ho gruer seg - ho er berre spent. Også dei skal framføra ein contry-pop-song av den framleis berre 23 år gamle Taylor Swift frå Pennsylvania som nok er systrene sin yndlingslåtskrivar.

Både Frida og Ronya er også musikarar - Frida med kornett og Ronya på fiolin. Ronya som har vore elev på instrumentet i 2 år under Olena Pasichnyk har til og med spela saman med Sunnhordland Kammerorkester.

Grunnen til at det er så mange med i UKM denne gongen er at Undarheim skule stillar med 40 dansarar frå 7. trinn.

Av Ola Matti Mathisen